Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. Jolatre og jolahalm, 18. — Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr. — Herad: Granvin

Emne: Jolatre og jolahalm — Bygdelag: "

Oppskr. av: Jon Haukanes — Gard: Haukanes

(adresse): Folkedal — G.nr. 124 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. eigi røynsla

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke): noko hev eg høyrt av andre. Eg er 81½ år gamal

SVAR

1. No er jolatre i alle heimar. Både og lag eller samskipnader hev og jolatre med fest.

2. Minnest ikkje når det var brukt fyrste gong. I min heim var det brukt so langt attende eg minnest. Mi svigermor tente hjå presten i Ulvik i 1850-åri, og der hadde dei jolatre. Då ho vart gift av 1860, brukte ho det alltid i sin heim.

3. Ein hadde fyrst jolatre i heimane; seinare hev ein brukt det i skulen og i ungdomslag; men ikkje i kyrkja her i bygdi (Granvin)

4. Hadde ein jolatre, pynta ein og stova med hakka brakabuske (einer) og halm på golvet. Umlag 1880 hev eg ikkje set halm på

5. golvet, og etter 1890 hev eg heller ikkje set brakje på golvet eller andre stader. Dei brende gjerna litt brakje på omnen for å få god lukt, og det hende ein gjer det enno, og so til andre tider. Mi bestemor brende brakje på omnen kvar laurdag, so lenge ho levde, død 1886.

6. Jolatreet pla vera frå 1 til 2 meter høgt, med

7. ein heil del ljos og paperstas; no kjøper ein jolastas hjå handelsmannen.

4134

2

8. Det er dei eldste borni som pyntar jola-
treet med hjelp av dei vaksne.

9 Jolatreet er påsett ein fot og plasert på
eit bord, og stånde til ein vegg. I heimane
er det sjeldan midt på golvet, slik som
ved større festar for ein skule eller
eit lag.

10 Ein kveikjer ljosi på jolatreet fyrst på jolafta
sidan på joldag, annandag, nyårsafta og nyårsdag
alltid um kveldane.

11. Ein gjeng rundt jolatreet jolafta
i heimane, då ljosi er kveikte og syng
jolesongar og andre hovelege songar.

12. Det er gamal skikk at jolatreet skal
stå til trettande dagen, då ein heldt
"Gamlajola". Eg minnest at det var dei
som heldt bu og med ein granafest.

13 Det er borni som får hausta jolatreet
som ofta ha eple og annan jolabakster.

14 og 15 Til jolatre nyttar ein helst gran
som ein høgg i nyplantingane, som er
på kvar gard i Gronvinnar sokn (Bjørgvin) (Bergenshalvøya)
Ein segjer helst ei gran, fleire graner.
Det hender og ein brukar fura eller brakje
til jolatre; andre slags jolatre veit eg ikkje um.

16 Ein sette upp ein staur eller ei stroa med ei kornbanda
i toppen.

ekstra 182 Eg er svara på under 4. Halmen lagd utyver golvet, utan i
vondlar. Det kan hende at ein eller annan sov i denne
halmen, av barn eller ungdom, eller andre som
kom på vitjing. Det var lite um senger fyr i tidi
og jamt låg dei 2 i ei seng. Minnest ikkje at dei
hadde noko serlege truer um lego i denne halmen.

4134
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING